

NETTLEIGETARIFFAR OG PRISAR FOR KVAM ENERGI NETT AS FRÅ 01.05.2024.

Forbruksavgifta er også for 2024 i ulike satsar.

Vanleg sats: 16,44 øre pr. kWh ekskl. mva.

Lavere vanleg sats i januar -mars: 9,51 øre/kWh ekskl. mva

Redusert sats: 0,58 øre pr. kWh ekskl.mva. Forbruksavgifta er knytt til nettleiga.

Meirverdiavgifta er 25% på alle ledd.

FELLESVILKÅR

Elektrisk energi vert levert i samsvar med desse tariffvilkåra og gjeldande leveringsvilkår/ kontraktar ved Kvam Energi Nett AS.

Alle nye anlegg og utviding av kortslutnings-/overbelastningsvern skal førehandsmeldast av godkjent elektroentreprenør og godkjennast av Kvam Energi Nett AS før arbeidet startar.

Abonnement kan tingast skriftleg eller munnleg etter avtale med Kvam Energi Nett AS. Nettkunde som seier opp abonnementet for kortare tid enn eit (1) år, vert avrekna for opningsgebyr når anlegget vert tilkopla att, jfr. side 4.

Ved oppseiing av abonnement over lengre tid (1 år eller meir), kan installasjon/anlegg/målepunkt sin tidlegare rett på kapasitet i nettet falla vekk.

Nettselskapet kan og fjerne stikkledning og den del av overføringsnettet som forsyner ein installasjon/anlegg/målepunkt som er utan kunde.

Ved eventuell ny tilknytning på eit seinare tidspunkt, lyt det betalast anleggsbidrag innanfor dei til ein kvar tid gjeldande lover og forskrifter.

j.f standard tilknytningsvilkår pkt. 3.10

Dersom det ved uttak over 50 kVA er meir reaktiv effekt enn 50 % av den aktive effekt som vert teke ut samtidig (effektfaktor under 0,9), kan nettselskapet krevja:

1. At abonnenten betrar effekt faktoren, eller
2. at abonnenten betalar tilleggsavgift for det uttak av reaktiv effekt.
For reaktiv effekt vert i så fall å betala kr. 384,00 ekskl. m.v.a. pr. kVA pr. år.

Straumforbruket er delt i nett/nettleige og kraft/kraftpris.

Kundar får avrekning av krafta frå sin kraftleverandør. Der det er inngått avtale om gjennomfakturering mellom nettselskap og kraftleverandør, vert også nettleiga innkrevd av kraftleverandør.

Straumleveringa vert normalt avrekna kvar månad i etterkant ut frå registrert forbruk.

Forbruk for januar vert avrekna pr. 1. februar.

Næringar med forbruk over 100 000 kWh pr. år, vert normalt avrekna månadleg.

Det vert rekna rente på for seint betalte rekningar i samsvar med morarentelova.

Ved inkasso kan det verta rekna gebyr i samsvar med inkassolova.

Rette verneting i tvistesaker er Kvam Forlikråd og Hardanger tingrett.

ANLEGGSTILSKOT

Eingongskostnad, ved tilkopling av nye anlegg eller ved utviding av eksisterande anlegg, vert utrekna i samsvar med «Vilkår for tilknytning m.v.» og NVE sine retningsliner. I hovudsak tyder dette at anleggstilskot vert kravd med utgangspunkt i anleggskostnaden.

Kvam Energi Nett AS avgjer om straumframføringa vert i luft eller jord, art, dimensjon m.v.

Ved avtale om annan framføring må byggherre betala ev. meirkostnaden.

ENERGIRÅDGJEVING

1,0 øre/kWh av nettleiga til hushaldn./hytte skal gå til ENOVA som er eit statleg rådgjevingsselskap. Avgifta for næring er 800 kr/år. Begge prisar er utan mva.

ENOVA kan gje tilskot til utredningar og tiltak med føremål å redusera energiforbruket.

Nærare informasjon og råd kan ein få på internett: www.enova.no, eller ved å ringja 800 49 003 for hushaldningar og 08049 for næringar.

NETTLEIGEMODELL

Nettleigemodell for kundar med forbruk under 100 000 kWh/år. Nettleiga består av 2 ledd.

Eit kapasitetsledd og eit energiledd.

For berekning av Kapasitetsleddet er det laga ein trappetrinnmodell. Det er gjennomsnittet av dei tre timane du brukte mest straum samtidig i løpet av månaden som avgjer kva pristrinn du hamnar på. Merk at det er toppane på tre ulike dagar, og at det er gjennomsnittet av ein heil klokke-time som vert lagt til grunn.

Nettleigeprisar for privatkundar med forbruk under 100 000 kWh/år

Kapasitetsledd inkl. mva

	kW	Kr/mnd (inkl. avg)
Trinn 1	0-2	275
Trinn 2	2-5	375
Trinn 3	5-10	575
Trinn 4	10-15	875
Trinn 5	15-20	1050
Trinn 6	20-25	1250

Energiledd vert bestemt ut frå kor mykje straum du nyttar totalt (antal kWh), og når du nyttar straumen. Du betalar mindre for forbruket om natta (22-06) og i helga.

Energiledd

	Energiledd øre/kWh eks. avgifter	Energiledd øre/kWh inkl. avgifter (mai-des)
Dag	22,50	49,93
Natt og helg	14,50	39,93

Forbruksavgift vanleg sats: 16,44 øre/kWh.

Forbruksavgift lavere vanleg sats: 9,51 øre/kWh (jan-mars)

Avgift til Enova: 1 øre/kWh. Mva: 25%

Endringar i off.avgifter vil kunna medføre tilsvarande endringar i prisane.

Nettleigeprisar for næring med forbruk under 100 000 kWh/år

Nettleiga vil bestå av 2 ledd. Eit kapasitetsledd og eit energiledd.

Kapasitetsledd eks. mva

	kW	Kr/mnd (eks. avgifter)
Trinn 1	0-2	220
Trinn 2	2-5	300
Trinn 3	5-10	460
Trinn 4	10-15	700
Trinn 5	15-20	840
Trinn 6	20-25	1000
Trinn 7	25-50	2000
Trinn 8	50-75	3000
Trinn 9	75-100	4000
Trinn 10	Over 100	6000

Prisane til næring er eksklusiv alle avgifter.

Energiledd

	Energiledd øre/kWh eks. avgifter
Dag	22,50
Natt og helg	14,50

Prisane til næring er eksklusiv alle avgifter.

Næringskunder med forbruk over 100 000 kWh/år

Fastledd Kr/år	Effektledd Kr/mnd		Energiledd Øre/kWh
	vinter	sommar	
11000	62,-	52,-	12,00

Prisane er eksklusiv alle avgifter.

Forbruksavgift vanleg sats: 16,44 øre/kWh.

Forbruksavgift lavere vanleg sats (jan-mars) 9,51 øre/kWh

Redusert forbruksavgift: 0,58 øre/kWh.

Avgift til Enova energifond: 800,- pr. år pr. anlegg. Mva: 25%

Vinterperiode 01.10 til 31.03. Sommarperiode 01.04 til 30.09

VEGLJOSLAMPAR.

Offentlege veglyslamper vert avrekna etter den nye nettleigemodellen.

Private veglyslamper vert avrekna etter energileddet til den nye nettleigemodellen, fastbeløpet er kr. 360,-/pr. år.

Effekt for veglys kjem ut frå lampeantal/størrelse, og energi vert ut frå effekt og brukstimar.

Brukstid for lampar med fotocelle er 4000 timar pr. kW pr. år.

Utan fotocelle er brukstida 8760 timar pr. år.

MELLOMBELS ANLEGG (BYGGJESTRAUM)

Straum levert over byggjeplasskap ved bygging og mellombels bruk. Nettleiga til byggjeplasskap m.v. blir avrekna etter ny nettleigemodell.

Oppsetjing, tilkopling, fråkopling og nedtaking av skap, kr. 4276,- (kr. 5345,- inkl. m.v.a).

Kostnad for leige av skåp kjem frå ev. utleigar.

SKIFTE AV KRAFTLEVERANDØR.

Skifte av kraftleverandør er gratis. Melding om skifte vert sendt til Kvam Energi Nett AS som netteigar, via Elhub. elhub.no er det nye navet, som ivaretar at reglar i leverandørskifte prosessar vert fulgt i kraftmarknaden. Det er Statnett som driftar Elhub.

Skifte av kraftleverandør vil då skje etter ein kvar tid gjeldande reglar.

På nettsida: www.strømpris.no går det fram kven som leverer kraft i området.

Underlaget for nettleige vert berekna av netteigar uavhengig av kraftleverandør.

STENGJE- OG OPNINGSGEBYR.

Stenging vert avrekna etter faktiske kostnader.

Opningsgebyr er kr. 1100,- inkl. m.v.a. Opning av stengte anlegg vert normalt ikkje utført utanom arbeidstid, men dersom dette er aktuelt kjem det ein tilleggskostnad på kr. 1100,- inkl. mva.

Tariffar for nett 2024

frå **01.05.2024**



www.kvamenerginett.no